



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan11
3022 Drammen
e-post:buskerud@naturvernforbundet.no
Tlf: 99604555

Drammen 31.5.2023

Statsforvalteren i oslo og Viken

Tiltaksplan for villrein - Hardangervidda.

Viser til invitasjon om innspel i forhold til tiltaksplan for villrein på Hardangervidda.
Naturvernforbundet i Buskerud har følgjande innspel:

Norge har eit stort ansvar for å ta vare på restene av den europeiske villreinstammen.

Dette ansvaret må spegle forvaltninga av villreinområda våre.

Hardangervidda er eit av dei viktigaste villreinområda me har.

Tiltak:

Stanse og reversere tiltak som er negative for villreien.

Setje i gang omfattande planvask av gamle kommunale planar.

Lokal forvaltning må svekkast i forhold til villrein og nasjonale interesser

Statlige styresmakter må vera klarare i sine krav i forhold til arealforvaltning i kommunane.

Motsegninstituttet må brukast oftare.

Klagehandsaminga må tilbake til Klima og Miljødep.

All hyttebygging i villreinområde må ta slutt. Hyttebygging i randsonen, som fører til auka trafikk inn i villreinområde må ta slutt.

Sti og løypeplanar må ta omsyn til villreinen.

Periodestengning av løyper og stigar.

Periodestengning av hytter.

Sauveite på vidda må reduserast - rovdyr som jerv må aksepterast.

Fortsatt vinterstengt fylkesvei 2814 over Imingfjell.

Kiteforbud på Hardangervidda. Særs viktig innom Nasjonalparken og landskapsvernombordet.

Rekreasjonskjøring med snøskuter må ta slutt - fører til at fleire kjøper skuter, og mange driv ulovlig kjøring i villreinområdet.

Det bør bli slutt på dispensasjoner for snøscooterkjøring på Hardangervidda etter 1 mai.

Venleg helsing Martin Lindal - styreleiar